



Akvator AS
Postboks 743
5404 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3103 - 15/30556

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
23.09.2015

Løyve til igangsetting 5 - gbnr 229/6 Skår - settefiskanlegg

Administrativt vedtak. Saknr: 408/15

Tiltakshavar: Lerøy Vest AS, 5020 Bergen
Ansvarleg søkjar: Akvator AS 5417 Stord
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om igangsetting for utførande ventilasjonsarbeid i stålhall knytt til settefiskanlegg.

Kommunen har i vedtak av 16.10.2013 gjeve rammeløyve. Løyve til igangsetting 1 gjeve 10.04.2014, løyve til igangsetting del 2 gjeve 21.08.2014, løyve til igangsetting 3 gjeve 04.06.2015 og løyve til igangsetting 4 gjeve 15.07.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.09.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den [dato] og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

Føretaket Klimateknikk AS, org.nr. 970982221, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet

utførande (UTF) installasjon av nytt ventilasjonsanlegg.



Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til igangsetting av ventilasjonsarbeid ved oppføring av stålhall på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 16.10.2013 med vilkår gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org.nummer	L/S*
UTF	2	Nytt ventilasjonsanlegg	Klimateknikk AS	970982221	S

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er ein føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3103

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

